# BRATTVÅG ROTARYKLUBB

## Medlemsbrev nr. 4, 2008/2009
## April, Mai, Juni
## President Thor Grønmyr

Redaksjonskomité: Rolf Doran, Bjørn Sandnes, Hjørdis Kristine Skaar, Thorleif Marken, Jostein Skjelten, Johan Mork, Ivar Fjørtoft

### 07.04.2009 – Påskefri

### 14.04.2009 – Fritt møte

***Fødselsdager:***
***Hallvard Ulstein 2/4***
***Bjørn Johnsen 8/4***

I Thor sitt fråvær var det innkomande president Arne Vågnes som leia møtet. Først av alt opplyste han om at Hallvard Ulstein hadde passert 85 år, gratulerer ! Vidare orienterte han litt om arbeidet med neste års styre og at han til helga skulle på PETS-samling på Oppdal. Utover dette var det prat rundt borda som vart dagen program i det frie møtet.

*Ref: Bjørn S*

### 21.04.2009 – Vinsmaking - Sommerens hvite viner

3-minutt: Jøstein Taftø
Thor ynskte velkomen til vinsmaking. Dagens program var det Øyvind Haugen som stod for.







Han innleia med å fortelje litt om vindistrikt, druer og kva ein burde legge vekt på når ein skal velje vin. Han hadde med 4 vinar som vi skulle smake på, to kvite og to raude. Dei utvalgte vinane





kom frå Tyskland (Graacher Himmelreich 2007 Riesling Spatlese, Mosel) , Italia ( Weissburgunder 2007, Erste & Neue Kellerei, Trentino-Alto Adige) , Chile (Santa Carolina Chardoony 2008, Rapel Valley) og Portugal ( Casal Garcia Vinho Verde, Minhodistriktet). Det meste smakte godt, men smak og behag er heldigvis forskjellig, så når vi plukka ut vår eigen favoritt så vart det litt forskjellig rundt omkring på borda. Eit flott opplegg frå Øyvind si side. Det var naturlegvis god plass på parkeringsplassen denne kvelden, dei aller fleste gjekk til fots i alle fall heimigjen frå møtet. Vi gler oss til neste års testing, her er mange nasjonar igjen.

*Ref: Bjørn S*

### 28.04.2009 – Dugnad ved kyrkja

Det var ikke så enorm oppslutning om vårens dugnad rundt kirken vår, men de frammøtte gjorde uansett "manns











arbeid". Etter et par timers god innsats med raking, rydding, stell av rosebed osv, så det i grunnen tilforlatelig bra ut. Dugnaden ble avsluttet på tradisjonelt vis i kirkeinngangen med kaffe og litt å bite i.

*Ref: Rolf D*

## 05.05.2009 – Bedriftsbesøk Ekornes Fabrikker

Vi var en gjeng på 15 inklusive et par ledsagere som reiste til Ekornes denne tirsdagskvelden. Der ble vi tatt godt i mot og ønsket velkommen av Olav Ellingsen, nåværende Rotary-president i Sykkylven og tidligere Ekornes-medarbeider og Ole Bjørn Roald som var Markedskonsulent i Ekornes de siste 5 år med ansvar for kunder, sponsorer og showhuset i Ålesund.

Det ble startet med servering av velsmakende rundstykker og vafler før Ole Bjørn R ga oss en grei og kortfattet Power presentasjon av Ekornes' historie og produktspekteret.

Produksjonen ved J.E. Ekornes Fjærfabrikk startet i 1934, med tre ansatte og maskiner fra Tyskland. Møbelindustrien på Sunnmøre var da nettopp kommet i gang, og det var her grunnleggeren Jens E. Ekornes fant sine første kunder.

Ekornes ASA er den største møbelprodusenten i Norden med over 1600 ansatte og eier bl.a. merkenavnene Ekornes®, Stressless® og Svane®. Stressless er et av verdens mest kjente varemerker innen møbelbransjen. mens Ekornes, Stressless og Svane er de mest kjente innen møbelbransjen i Norge. Produksjonen foregår i 6 fabrikkanlegg i Norge hvorav ca 760 på hovedfabrikken på Ikornes, 185 på Avd Vestlandske i Sykkylven, 45 på Avd Tynes i Sykkylven (laminering), 135 på Ekornes Fetsund på Romerike



(madrasser), 95 på Ekornes Møbler avd. Grodås (trekomponenter) og 95 på Ekornes Møbler avd Hareid.

Produktene selges over store deler av verden gjennom egne salgsselskaper i utvalgte markeder.

Ekornes' visjon er å være en av verdens mest attraktive leverandører av møbler til hjemmeinnredning. Forretningsidéen til Ekornes










bygger blant annet på å tilby produkter som i pris og design henvender seg til et bredt publikum. I tillegg skal konsernet utvikle og produsere produkter som er fremragende med hensyn til komfort og funksjon.

Ekornes ASA er morselskapet i Ekornes-konsernet. Fabrikkene i konsernet er organisert etter produktområdene Stressless, Ekornes Collection (sofa) og Svane. Alle fellesfunksjonene ligger i Ekornes ASA, herunder konsernledelse, markedsføring, økonomiforvaltning, innkjøp og produktutvikling for Stressless og Ekornes Collection.

Stressless®-fabrikken fremstår fra 2002 som en av Norges mest robotiserte og automatiserte produksjonsbedrifter, med mer enn 50 roboter og automatiske prosesser. De store investeringene var nødvendig for å kompensere for det høye lønnskostnadsnivået i Norge, og danner også grunnlaget for selskapets konkurransekraft og høye inntjeningsnivå.

Omsetningen i 2008 var på nærmere 2,7 milliard NOK. Produksjonstid pr stol ca 2,7 timer og det produseres ca 1360 "stressless-plasser" pr dag. Ekornes har over 2000 utsalgssteder, produktene blir solgt i over 50 land hvorav de siste butikkene ble åpnet i Kina, India, Saudi-Arabia, Mexico, Peru og Brasil.

Selv om Ekornes har patentbeskyttet vitale komponenter og deler er allikevel plagiering et svært stort problem. Innad i Kina er det faktisk også "lovlig" å kopiere.

Etter presentasjonen var det en guidet omvisning rundt på fabrikken på Ikornes og som nok imponerte de fleste av oss stort.

*Ref: Rolf D*

## 12.05.2009 – Marius Finnøy - komponist

***Fødselsdager:***
***Ove Finnes 22/4***
***Sindre Vik 24/4***
***Arne Vågnes 24/4***
***Jøstein Taftø 27/4***
***Sigurd Landsverk 10/5***

President Thor opna møtet . Programmet for kvelden var ved



Jarle Finnøy. Han fortalde om Faren Marius Finnøy, fødd 10.11.1896. Marius var ein stillfarande og svært beskjeden mann. Det var derfor få som viste om kor musikalsk Marius var. Mange kjende til at Marius Finnøy hadde laga Brattvårsongen, eller Hymne Til Brattvåg, som han gjerne kalla songen sjølv.
Jarle fortalde at det var frå Farfar til Marius, S.A Ertresvåg , han ervde denne musikalske givnaden. Jonas, far til Marius, som budde på Sandøy, har 24. år gamal skrive eit dikt på 24 vers til minne om dei 6 unge mennene frå Sandøy som omkom under berging av mannskapet på ein brigg som forliste utfor Sandøy. Jonas omkom under bading på Blindheimsanden berre 34 år gamal. Enkja flytte til Hildre, der Marius vaks opp. Marius . måtte tidleg ut i arbeidslivet. Han var mellom anna med på å flytte huset til Anna og Ivar Skjelten til Brattvåg i 1912. Han var også med på å bygge røyrgate til Brattvåg kraftverk.
Han vart fyrbøtar på ein fraktebåt. Det første instrumentet hans var ei munnspel. Marius kjøpte seg også ein fiolin, som endå er i slekta. Marius gifta seg og fekk 2. barn. Men kona fekk turberkelose og døydde frå 2.små barn. Desse måtte Marius sette vekk til slektningar. Han gifta seg på nytt, og fekk i dette ekteskapet 6.born. Mellom Desse Jarle

Etter å ha butt på Finnøya , flytte Marius med familie til Brattvåg i 1944. Han fekk arbeid på Hydraulik, der han arbeidde til han vart pensjonist.
I 30 årsalderen tok han kurs i NKS. ( Norsk korrespondanse skole) i notelære og komposisjon. Marius fekk svert gode karakterar i desse kursa. Jarle fortalde at faren skreiv notar med splittpenn, så fint at det var som trykte notar. Seinare tok han også kurs i kyrkje- liturgi.
Jarle minnest det store snøfallet i jula 1948. All rutegåande trafikk vart lamma. Marius ville ikkje svikte kyrkjelyden på Hildre. Han fekk låne seg ski og drog ut i uveret 2.juledag. Han var ikkje vant skiløpar og det vart ein slitsam tur. Men han kom fram til kyrkjedøra og møtte ein plakat der det stod at gudstenesta var avlyst pga. uveret.
Marius komponerte og harmoniserte songar heile tida. Han hadde også kontakt med andre komponistar. Marius organiserte seg i Tono..
Konkordia gav ut fleire av songane til Marius.
Jarle har funne eit brev frå Konkordia av 29.07.1977 der dei godtek 2.songar, og han får eit honorar på kr.95.- Ein av songane til Marius var: Hører du sangen og tonen, med tekst Ragnhil.



Hurlen. . Jarle har funne 42 verk etter faren men det er sikkert fleire.
Brattvågsangen vart til slik. Marius var jerndreiar på Hydraulik. Under dreiing av eit langt emne fekk han inspirasjonen til songen og han noterte ned melodien, som vart ned skriven om kvelden med uvanleg 8 stemmer. Uroppføring på Brattvåg sin 50.årsfest 11.11.1961 av Brattvåg songlag og Brattvåg sjanisjar. Referenten hugsar godt den framføringa då han var songar i songlaget.
Marius Finnøy hadde store sorger han var med i gravferda til fem av sine barn.
3.februar 1980 døydde han stille på Ålesund sjukehus.
*Ref: Johan M*



## 19.05.2009 – Dugnad ved Synnalandsvatnet

Det vart rydda skog langs den nye vegen på austsida av vatnet. Harald Hagen møtte opp med sin nye maskin, og kutta kvist og greiner
*Ref: Johan M*







## 26.05.2009 – Skole / lærlingeordningen - Rotary Foundation

***Fødselsdager:***
***Anders Lausund 14/5***

Anders fekk sin velfortente hyllest for åremål 14.mai.

Sindre nesten rett frå Italia, og vellukka "kortur", hadde sitt "3-



minutt".
Frå Italia fortalde han om korsong i ei stor kyrkje hogd inn i fjellet.
To veggar med fast fjell og Italias 3. største!
Men altså 3-minutt innlegget, der Sindre tok føre seg begrepet fundamentalisme. Ein fundamentalist meinar å ha funne det eiaste rette.
Alt anna er feil, og dette synet misjonerer han for. Som eksempel nemnde han islam og taliban, ofte med terror som virkemiddel.
Historisk har også kristendomen forfekta fundamentalisme, eksempelvis med inkvisisjonen. Motsett er pragmatisme med nytteverdi og sameksistens.
Til ei viss grad kan vi alle bli oppfatta som fundamentalister, meinte Sindre, med våre kjepphestar....

Påtroppande president, Arne Vågnes, summerte inntrykk og agenda frå PET-seminar i Trondheim, samt diverse møter her på Sunnmøre, og ikkje minst eigne refleksjonar - for framtid, planer og organisering av Rotary.

"Balansepunkt i Rotary" hadde vore tema, i den forstand at det meir tidsaktuelle til ei viss grad måtte balanserast mot det gamle og hevdvunne mønsteret.
Regelverket bør kunne tolkast litt "rundare" enn det som hadde vore praksis.
Og kanskje bør vi ikkje framstå så humanitære, så prektige.....
Møteplikta ikkje praktiserast fullt så bokstaveleg, slik at travle menneske også kan sjå seg syn med å vere med.
Rotary bør også i større grad gi noko tilbake.
Og korleis framstå i media - overfor folk flest og overfor potensielle medlemer?
Gi opplysning og skape PR som i større grad gjer Rotary interessant og attraktiv.
Godt møteprogram viktig. I rekrutteringssamanheng ha opplegg og program klart i god tid. Breidde i programma. PR som korrigerer antatt feil oppfatning ute blant ålmenta.
PR og målsetting frå sentralt hald - dei tre "F"ane: Fornying, Forrynging, Forbetra omdøme. I det heile tilkjennega Arne mange interessante og



positive tankar for
komande Rotary-år og Rotary-framtid - med vekt på rekruttering, auka kvinneandel, gjere Rotary-medlemskap attraktivt, tillempe eit litt rigid regelverk....
Mangfald i klubbaktivitet viktig.
Ta godt vare på det gunnleggande og positive
hopehavet - venskap, sosialt samvær, hygge og trivsel på møta og i andre
samanhenger - som alt ihop borgar for ei positiv Rotary-framtid.

Så presentasjon av komiteane i komande Rotary-år:
Innkomande president hadde på ein finurlig og oversiktlig måte laga ei oppstilling
og ei samanfatning av det nye og det gamle komite-oppsettet.
Komitemøte om to veker for å legge løpet med planer og målsetting (syftemål)!
Presidenten vil i sin tur lage ei samanfatning av dette til guvernøren.
Nemnt vart også mangel på dagsaktuelle "ting" på klubben sine web-sider.
Om dette ikkje let seg gjennomføre, meinte Arne at det like godt kunne bli med
det historiske og nødvendige opplysningar om eksisterande klubb-administrasjon.
Ei krevande målsetting!
*Ref: Jostein S*







## 02.06.2009 – Fisketur

En liten, men eksklusiv gjeng hadde reist ut til Dryna tidlig på ettermiddagen for å forberede innrykket og fiskekokinga på





hytta til Svanhild. Vi var 11 som møtte fram på Brattvåg Småbåthavn kl 17:30 for å søke fiskelykken og vi fordelte oss 4 ombord med Jostein S, 4 ombord med Endre S og 3 ombord med Bjørn H. De øvrige frammøtte denne kvelden foretrakk å satse på ferge og komme direkte til dekket bord.

Det var svært lite fisk å få denne kvelden. Kun de som var med Jostein S fikk fangst. Den dårlige fangsten skyldtes nok litt for mye vind med derav følge stor avdrift fra de gode fiskeplassene. Men det var heldigvis innkjøpt rikelig





med reker med ditto tilbehør, så alle ble både godt mette og fornøyde.

Det var fyrt i både ute- og innepeis ute med Svanhild, så på tross av en litt kjølig kveld holdt vi varmen godt. Og stemningen rundt bordene både ute og inne var upåklagelig med gode historier og allsang. De fleste brøt opp og satset på hjemtur med fergen kl 21:00 mens noen returnerte med "fiskebåtene" omtrent på samme tid.

Alt i alt – nok en svært trivelig Rotary-kveld.
*Ref: Rolf D*

## 09.06.2009 – Komitearbeid

***Fødselsdager:***
***Rolv Rørhus 29/5***

Presidenten refererte frå deltaking i Presidentforum, han og påtroppande - , der mangt hadde vore tema, eksempelvis erfaringsutveksling mellom web-ansvarlege, ledersamling for komiteformenn osv. - altså utvida sentral aktivitet.
Kanskje kunne Presidentforumet utvidast til å femne dette?
Rolv Rørhus fekk sin velfortente hyllest etter åremål 29.mai.
Det vart orientert om forståande RYLA-arrangement 1. til 3. oktober.
Jarle Ødegård stod for dagens 3-minutt der vi fekk presentert limerics av Per Nordigarden - smakebitar til ettertanke....
Rolf Haugerud som i alle år har vore bakalao-kokk ved presidentskifte-arr., melde at han iår p.g.a. omstende ikkje kunne ta på seg dette oppdraget.
Resten av møtet var tiletla komitearbeid for komande rotaryår.
Påtroppande president, Arne Vågnes, ønskte seg programmet for første del av rotaryåret fastlagt, frå første møte 11. august og litt ut i september, for seinare å planlegge vidre framover.
Finne to kandidatar for deltaking på RYLA-seminar (lederutvikling for ungdom)!
Medlemskapsauke høg prioritet!
Finne fram til god strategi i den samanheng.
Opplæring - kva står vi for.....
Komitegrupperingane samla seg respektivt.
*Ref: Jostein S*

## 16.06.2009 – Dugnad Brattholmen

Brattholmen, denne perla av ein holme, har på sett og vis blitt klubben sitt ansvar, kva angår rydding av skog og kratt, og for så vidt saue-/geitehald på holmen sommerstid. Her har vi rett nok alliert oss med ein fagmann, pluss Njål som er klubben sin ansvarshavende tilsynsmann.
Og altså idag dugnad! Ein



## 23.06.2009 – Jonsok-aften - Møtefri







energisk og sprudlande dugnadsgjeng, mann og kvinne, mønstra på brygga for å bli frakta over i to båtar, medbringande motorsager og anna for oppgåva relevant utstyr. Presidenten hadde med fyrstikker, for det skulle tendast bål må vite, ikkje berre eitt, men to!
Kubber og greiner brann så det var ei lyst. Ei gruppe med oppdrag nørst på holmen, vart møtt av fastbuande - tre geitebukkar med skræmende horn som nysgjerrig betrakta inntrengarane og nok lurte på kva vi ville. Men ved oppstart av motorsag tok skepsisen overhand og borte var dei.
Ein triveleg kveld i god Rotary dugnadsånd var det, og jamen viste det litt etter oss om ein skal tillate seg litt sjølvskryt.
Kaffi og sjokoladebitar var det og....
*Ref: Jostein S*

## 30.06.2009 – Presidentskifte

***Fødselsdager:***
***Helge Austbø 14/6***
***Lidvar Sunde 22/6***

Thor G ønsket velkommen for siste gang i sin presidenttid, gikk gjennom programmet for kvelden og vi applauderte bursdagshilsen til Lidvar S og Helge A. Thor hadde også med hilsener til oss







både fra Thorleif M og fra Distriktsguvernør Oddbjørn Øyen. Årets motto "Make Dreams Real" hadde vært en ledetråd sammen med Rotary-mottoet "Serve Before Self".





Før servering av spekemat og potetsalat sang vi "Rotary-sangen" til gitarakkompagnement av Arne V.

I den offisielle delen av dagens program, summerte Thor opp året sitt før han takket av og foretok den høytidelige overrekkelsen av presidentkjede til påtroppende president Arne V. Han og styret var allerede godt i gang med programmet for neste år med god målsetning om at det på klubbmøtene skulle være både gøy, interessant, lærerikt, engasjerende, trivelig og med personlig vekst for den enkelte. Påtroppende guvernørs motto om "Fornying – Forynging – Forbedring" skulle også være en god ledetråd å følge.

Etter kaffe, kaker og god drøs rundt bordene ble kvelden avsluttet med allsang "Auld Lang Syne" og ønske om en GOD SOMMER til alle og vel møtt igjen i begynnelsen av august.
*Ref: Rolf D*